



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

Til sokneråd, fellesråd og Ungdomsrådet i
Bjørgvin, og alle tilsette i Den norske kyrkja i
Bjørgvin

Dato: 27.04.2022

Vår ref: 22/00573-6

Dykkar ref:

Ny biskop i Bjørgvin - prosess og namneforslag

Biskop Halvor Nordhaug går av med pensjon i desember 2022, og prosessen med å finne ein ny biskop har starta. Eit bispeskipte er ein høgtideleg, omfattande og demokratisk prosess i Den norske kyrkja. Det blir festivitas både når vi seier farvel til avtroppande biskop og når vi ønskjer ein ny biskop velkomen. Dette er fine høve til å setje søkelys på bispedømet vårt.

Avskjed med Halvor Nordhaug

Avskjedsgudstenesta for biskop Halvor blir halden i Bergen domkyrkje søndag 20. november 2022. Det vil komme meir informasjon om denne gudstenesta seinare.

Prosess for å tilsette ny biskop

Mange instansar i kyrkja har roller i prosessane fram mot at det blir tilsett ein ny biskop. Det første ein kan vera med på, er å foreslå namn på kandidatar. Bispedømerådet skal sidan nominera kandidatar, og det skal stemmast over kandidatar før Kyrkjerådet til slutt tilset ny biskop i Bjørgvin.

Tidsplan:

2022

- 1. september: Frist for å sende inn namneforslag på kandidatar. Alle kan sende inn
- 18. november: Bispedømerådet nominerer fem kandidatar til stillinga som biskop
- 2. desember: Frist for eventuell supplerande nominasjon
- 8. - 9. desember: Kyrkjerådet presenterer kandidatane

2023

- 5. januar: Frist for alle med stemmerett til å gje rådgevande stemme
- 6. januar: Offentleggjering av dei tre kandidatane med flest stemmer
- 19. januar: Frist for bispedømerådet og biskopane til å uttale seg om kandidatane
- 9. - 10. februar : Kyrkjerådet tilset ny biskop i Bjørgvin

Planlagt dato for vigsling av ny biskop i Bjørgvin er 16. april 2023.

Postadresse:

Postboks 1960
5817 BERGEN

E-post: bjoergvin.bdr@kyrkja.no

Web: <http://kyrkja.no/bjorgvin>
Org.nr.:818066872

Telefon: +47 55 30 64
70

Telefaks:

Sakshandsamar

Lisa Benedicte Knudsen

Bjørgvin bispedømeråd har frist til 18. november 2022 med å nominere fem kandidatar til stillinga som biskop. Kyrkjerådet kunngjer deretter høvet til supplerande nominasjon som er ope fram til 2. desember 2022. Alle kandidatar blir presenterte i veke 49, og frist for rådgivande avstemming er sett til 5. januar 2023. Dei som har stemmerett er alle sokneråd, Ungdomsrådet, prestar, vigsla kateketar, diakonar og kantorar i ordna kyrkjeleg stilling i Bjørgvin bispedøme. I tillegg har òg andre utanfor Bjørgvin bispedøme stemmerett i den rådgivande avstemminga: prostane i resten av bispedøma, representantar frå dei teologiske utdanningsinstitusjonane med tale- og forslagsrett på Kyrkjemøtet og leiarane av dei praktisk-teologiske utdanningane ved desse institusjonane, i tillegg til representantar frå Ungdommens kyrkjemøte med tale- og forslagsrett på Kyrkjemøtet.

Bispedømerådet ønskjer innspel

Som nemnt skal Bjørgvin bispedømeråd nominere kandidatar. Vi ønskjer difor innspel på kva vi skal vektlegge når vi skal sjå etter ny biskop. Kva eigenskapar meiner du at ein biskop burde ha, og har du forslag på aktuelle kandidatar? Vi ber om at du brukar skjema som ligg på kyrkja.no/bjorgvin for å svare. Du kan svare anonymt, men det blir ei offentleg liste over dei namna på mogelege bispekandidatar som kjem inn. Du kan òg fylle ut skjemaet med dine meiningar om kva eigenskapar ein biskop bør ha, sjølv om du ikkje ønskjer å komme med namneforslag. Kandidatar som blir foreslått og som bispedømerådet ser som aktuelle for intervju, vil bli spurde om dei er villige til å stille til val. Bispedømerådet kan også inkludere namn som ikkje er med på denne lista.

Prosessen har klare og tydelege tidsfristar, det er difor viktig at alle forslag kjem inn til oss seinast 1. september 2022. Innspel som kjem inn etter dette kan ikkje rekna med å bli vektlagt i prosessen. Namneforslaga blir presenterte den 7. september 2022.

Stemmeføre blir bedt merke seg følgelege datoar og fristar:

Bjørgvin bispedømeråd ber allereie no sokneråd og dei med stemmerett i bispedømet om å vere merksame på fristen for supplerande nominasjon den 2. desember 2022, og også fristen den 5. januar 2023 for å gje rådgjevande stemme på kven av kandidatane dei ser på som best skikka til å bli ny biskop. Ytterlegare informasjon om prosessen rundt ny biskop blir framover å finne på kyrkja.no/bjorgvin. Der finn du også regelverk for utnemning av ny biskop og nærare skildringar av til dømes rolla til biskopen og formelle kvalifikasjonskrav for å kunne bli biskop.

Med helsing



Vemund Atle Øiestad
leiar for Bjørgvin bispedømeråd



Jan Ove Fjelltvit
stiftsdirektør

Mottakarar:

Til sokneråd, fellesråd og Ungdomsrådet i
Bjørgvin, og alle tilsette i Den norske kyrkja
i Bjørgvin